

Prop. 46 S

(2009–2010)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Om endringer i statsbudsjettet for 2009 under Utanriksdepartementet

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 13. november 2009,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Samandrag

Programområde 02 Utanriksforvaltning

Innanfor programområde 02 blir det gjort framlegg om å auke ulike postar med til saman 85,121 mill. kroner og redusere andre postar med 142,5 mill. kroner. Endringane har i hovudsak samband med endra tilskot til internasjonale organisasjonar (m.a. FN og EFTA), endringar i utbetalingane under EØS-finansieringsordningane og mindre endringar i departementet sine administrasjonsutgifter, jf. omtale nedanfor.

Programområde 03 Internasjonal utviklingshjelp

Innanfor budsjettet for ODA-godkjend utviklingshjelp under programområde 03 blir det gjort framlegg om auka løyvingar på enkelte postar med til saman 356,622 mill. kroner og reduksjonar på andre postar med til saman 191,622 mill. kroner. Samla budsjetttramme for utviklingshjelp i 2009 blir etter dette foreslått auka med 165 mill. kroner, av dette 65 mill. kroner i tilleggsløyving til donasjon av vaksiner til utviklingsland og 100 mill. kroner i tilleggsløyving til dekking av auka flyktningutgifter i Noreg (ODA).

Av 266,6 mill. kroner i auka flyktningutgifter

(ODA) blir 166,6 mill. kroner foreslått finansiert ved omfordeling frå andre postar på budsjettet, jf. omtale nedanfor. Andre forslag til omfordeling omfattar mindre endringar pga. endra valutakurs og lønsoppgjeret 2009.

65 mill. kroner i donasjon av pandemivaksine til utviklingsland er nærare omtalt i Prop. 2 S (2009–2010) frå Helse og omsorgsdepartementet og under kap. 170, post 76 nedanfor.

2 Forslag til løyvingar

Programområde 02 Utanriksforvaltning

Kap. 100 Utanriksdepartementet

Post 01 Driftsutgifter

Det er etablert ei stilling som næringslivsutsending ved generalkonsulatet i Murmansk for styrking av det norsk-russiske næringssamarbeidet i nord, jf. St.prp. nr. 59 (2007–2008). I samband med dette blir det foreslått omdisponert 1 mill. kroner frå kap. 118, post 70 Nordområdetiltak og prosjektsamarbeid med Russland til kap. 100, post 01 Driftsutgifter. Det blir i tillegg foreslått løyvd 4,621 mill. kroner som kompensasjon for lønnsoppgjøret 2009.

Løyvinga blir foreslått auka med 5,621 mill. kroner.

Kap. 103 Regjeringas fellesløyving for representasjon*Post 01 Driftsutgifter*

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga grunna FN's generalsekretær Ban Ki-moon sitt besøk til Noreg sommaren 2009 og tildelinga av Nobels fredspris til USAs president Barack Obama.

Løyvinga blir foreslått auka med 2,5 mill. kroner.

Kap. 104 Kongefamilien sine offisielle reiser til utlandet*Post 01 Driftsutgifter*

Utgiftene til kongefamilien sine reiser til utlandet i 2009 blir noko mindre enn tidlegare budsjettet.

Løyvinga blir foreslått redusert med 1,5 mill. kroner.

Kap. 116 Deltaking i internasjonale organisasjonar*Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar*

Løyvinga blir foreslått redusert med 63 mill. kroner.

Forslaget har i hovudsak samanheng med meir eller mindre utgifter i pliktige bidrag til internasjonale organisasjonar, i hovudsak til FN's fredsbevarande operasjonar, EFTA og EFTA-organ og justering av enkelte bidrag til internasjonale organisasjonar pga. endra valutakurs.

Post 72 EØS-finansieringsordninga, kan overførast

Det er behov for mindre budsjettmidlar på grunn av endra valutakurs.

Løyvinga blir foreslått redusert med 40 mill. kroner.

Post 73 Den norske finansieringsordninga, kan overførast

Det er behov for mindre budsjettmidlar på grunn av endra valutakurs.

Løyvinga blir foreslått redusert med 37 mill. kroner.

Post 74 Bilaterale samarbeidsprogram med Bulgaria og Romania, kan overførast

Det har vore raskare framdrift og utbetalingstakt i prosjekt under denne ordninga enn tidlegare planlagt.

Løyvinga blir foreslått auka med 77 mill. kroner.

Kap. 118 Nordområdetiltak m.m.*Post 70 Nordområdetiltak og prosjektsamarbeid med Russland, kan overførast*

Det blir foreslått omdisponert 1 mill. kroner frå denne posten til finansiering av stilling som næringsutsending ved generalkonsulatet i Murmansk, jf. og omtale under kap. 100, post 01 ovanfor.

Løyvinga blir foreslått redusert med 1 mill. kroner.

Programområde 03 Internasjonal bistand**Kap. 140 Utanriksdepartementet sin administrasjon av utviklingshjelpa***Post 01 Driftsutgifter*

Det blir foreslått løyvd 3,3 mill. kroner som kompensasjon for lønsoppgjeret 2009.

Kap. 141 Direktoratet for utviklingshjelp (Norad)*Post 01 Driftsutgifter*

Det blir foreslått løyvd 1,1 mill. kroner som kompensasjon for lønsoppgjeret 2009.

Kap. 161 Næringsutvikling*Post 70 Næringsutvikling, kan overførast*

Løyvinga på posten blir foreslått redusert med 77 mill. kroner for inndekking av auka utgifter på andre poster under programområde 03. Dette er det funne rom for pga. forseinka utbetalingstakt for enkelte avtalar.

Kap. 164 Fred, forsoning og demokratitiltak*Post 71 ODA-godkjende land på Balkan, kan overførast*

Løyvinga på posten blir foreslått redusert med 25 mill. kroner for inndekking av auka utgifter på andre poster under programområde 03. Det er ledige midler på posten pga. av forseinka framdrift i enkelte prosjekt. Omfordelinga får ikkje konsekvensar for fortløpande prosjekt og program.

Post 73 Andre ODA-godkjende OSSE-land, kan overførast

Løyvinga på posten blir foreslått redusert med 5 mill. kroner for inndekking av auka utgifter på andre poster under programområde 03. Det er ledige midler på posten pga. at enkelte prosjekt ikkje har

kome i gang. Omfordelinga får ikkje konsekvensar for løpande prosjekt.

Kap. 166 Miljø og bærekraftig utvikling m.m.

Post 70 Ymse tilskudd, kan overførast

Disponibel løyving på posten blir foreslått redusert med 4,622 mill. kroner for inndecking av auka utgifter på andre postar under programområde 03. Bruken av midlane på denne posten er nærare omtala i St.prp. nr. 1 (2008–2009) under kap. 166, post 70.

Post 71 Internasjonale prosessar og konvensjonar m.m., kan overførast

Løyvinga på posten blir foreslått redusert med 9 mill. kroner for inndecking av auka utgifter på andre postar under programområde 03. Det er ledige midlar grunna forseinka framdrift i prosjekt knytta til frihandelsavtalar.

Post 72 Internasjonale miljøprosessar og bærekraftig utvikling, kan overførast

Løyvinga på posten blir foreslått redusert med 5 mill. kroner for inndecking av auka utgifter på andre postar under programområde 03. Det er funne rom for dette pga av forseinka framdrift i enkelte prosjekt.

Kap. 167 Flyktningtiltak i Noreg, godkjende som utviklingshjelp (ODA)

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Dei ODA-godkjende utgiftene til flyktningar i Noreg har auka i 2009. Dette er omtalt under respektive proposisjonar om endringar i statsbudsjettet for 2009 under Arbeids- og inkluderingsdepartementet (Kap./post 3653/01, 3690/03 og 3690/04), Kunnskapsdepartementet (Kap./post 3225/04) og Barne og likestillingsdepartementet (Kap./post 3854/04 og 3856/04) som administrerer tiltaka for flyktningar i Noreg.

Det er rekna med at 266,6 mill. kroner av dei auka flyktningutgiftene kan klassifiserast som offisiell utviklingshjelp, jf. OECD sitt regelverk. Løyvinga på denne posten blir foreslått auka med 266,6 mill. kroner.

Kap. 170 FN- organisasjonar m.m.

Post 76 Tilleggsmidlar via FN-systemet m.m., kan overførast

Det blir gjort framlegg om ei tilleggsloyving på 65 mill. kroner for donasjon av inntil 10 pst. av Noreg sine pandemivaksiner til utviklingsland gjennom Verdens helseorganisasjon (WHO). Denne løyvinga vil bli refundert Helse- og omsorgsdepartementet som inngår avtale om donasjon med WHO, jf. Prop. 2 S (2009-2010).

I tillegg blir det gjort framlegg om å omdisponere 4 mill. kroner av løyvinga på posten til dekking av auka utgifter på andre postar.

Det blir gjort framlegg om ei netto tilleggsloyving på posten på 61 mill. kroner.

Post 78 Bidrag til andre FN-organisasjonar m.m., kan overførast

Løyvinga blir foreslått auka med 8,6 mill. kroner grunna meirutgifter som følgje av endra valutakurs.

Kap. 171 Multilaterale finansinstitusjonar

Post 71 Regionale bankar og fond, kan overførast

Løyvinga blir foreslått auka med 16,022 mill. kroner grunna meirutgifter som følgje av endra valutakurs.

Post 72 Samfinansiering via finansinstitusjonar, kan overførast

Det er gitt tilsegn om 150 mill. kroner til Verdensbankens klimafond »Scaling up renewable energy for low-income countries» (SREP) over perioden 2009-2011. Fondet er førebels ikkje operativt og nok av innbetalinga vil først skje i 2010.

Løyvinga blir foreslått redusert med 66 mill. kroner.

Utanriksdepartementet

t i l r å r:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet for 2009 under Utanriksdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringer i statsbudsjettet for 2009 under Utanriksdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet for 2009 under Utanriksdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2009 blir det gjort følgjande endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
100		Utanriksdepartementet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 1 556 545 000 til kr 1 562 166 000	5 621 000
103		Regjeringas fellesløyving for representasjon	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 25 035 000 til kr 27 535 000	2 500 000
104		Kongefamilien sine offisielle reiser til utlandet	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med frå kr 8 248 000 til kr 6 748 000	1 500 000
116		Deltaking i internasjonale organisasjonar	
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar, blir redusert med frå kr 1 137 533 000 til kr 1 074 533 000	63 000 000
	72	EØS-finansieringsordninga, <i>kan overførast</i> blir redusert med frå kr 986 000 000 til kr 946 000 000	40 000 000
	73	Den norske finansieringsordninga, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 968 000 000 til kr 931 000 000	37 000 000
	74	Bilaterale samarbeidsprogram med Bulgaria og Romania, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 115 000 000 til kr 192 000 000	77 000 000
118		Nordområdetiltak m.m.	
	70	Nordområdetiltak og prosjektsamarbeid med Russland, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 280 127 000 til kr 279 127 000	1 000 000
140		Utanriksdepartementet sin administrasjon av utviklingshjelpa	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 975 761 000 til kr 979 061 000	3 300 000
141		Direktoratet for utviklingshjelp (Norad)	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 185 836 000 til kr 186 936 000	1 100 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
161		Næringsutvikling	
	70	Næringsutvikling, <i>kan overføres</i> , blir redusert med frå kr 305 962 000 til kr 228 962 000	77 000 000
164		Fred, forsoning og demokratiltak	
	71	ODA-godkjende land på Balkan <i>kan overføres</i> , blir redusert med frå kr 561 400 000 til kr 536 400 000	25 000 000
	73	Andre ODA-godkjende OSSE-land, <i>kan overføres</i> , blir redusert med frå kr 356 000 000 til kr 351 000 000	5 000 000
166		Tilskot til ymse tiltak,	
	70	Ymse tiltak, <i>kan overføres</i> , blir redusert med frå kr 4 595 000 til kr 0	4 595 000
	71	Internasjonale prosessar og konvensjonar m.m., <i>kan overføres</i> , blir redusert med frå kr 33 800 000 til kr 24 800 000	9 000 000
	72	Internasjonale miljøprossesar og bærekraftig utvikling, <i>kan overføres</i> , blir redusert med frå kr 234 000 000 til kr 229 000 000	5 000 000
167		Flyktningtiltak i Noreg, godkjende som utviklingshjelp	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med frå kr 2 266 244 000 til kr 2 532 844 000	266 600 000
170		FN organisasjonar m.m.	
	76	Tilleggsmidlar via FN-systemet m.m., <i>kan overføres</i> , blir auka med frå kr 1 494 200 000 til kr 1 555 200 000	61 000 000
	78	Bidrag til andre FN organisasjonar, <i>kan overføres</i> , blir auka med frå kr 168 220 000 til kr 176 820 000	8 600 000
171		Multilaterale finansinstitusjonar	
	71	Regionale bankar og fond, <i>kan overføres</i> , blir auka med frå kr 763 300 000 til kr 779 322 000	16 022 000
	72	Samfinansiering via finansinstitusjonar, <i>kan overføres</i> , blir redusert med frå kr 496 500 000 til kr 430 500 000	66 000 000



Trykk: A/S O. Fredr. Anesen, November 2009